

Barne,- likestillings- og inkluderingsdepartementet **postmottak@bld.dep.no**

Høyringsuttale om forslag til endringer i reglane for telefonsal

Vi viser til departementet sitt høyringsbrev og høyringsnotat frå 9. juli i år. Her gir Landslaget for lokalaviser vår uttale:

Landslaget for lokalaviser (LLA) er interesseorganisasjonen for over 100 av lokalavisene i Norge. Vi representerer særskilt fådagarsavisene som kjem ut i bydelar, bygder og tettstader i store deler av landet. Til saman har LLAs medlemsaviser rundt 350.000 i opplag og dermed om lag like mange kundar/abonnentar. Lokalavisene våre har rundt ein million lesarar.

I vedtektene til Landslaget for lokalaviser heiter det mellom anna at LLA skal "... styrkje nærpressa slik at ho kan tene lokalsamfunnet på ein god måte..." og at "LLA er politisk ubunden, men kan gjerne samarbeide med andre organisasjonar som arbeider for å fremje kulturen, trivsel og næringsliv i lokalsamfunnet".

Generelt om dagens ordning:

Vi er glade for at Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet er oppteken av god forretningsskikk og at reglane for telefonsal er gode og blir tilfredsstillande handheve. Likevel; I lys av det som kjem fram i departementet sitt eige høyringsnotat, og etter det LLA kjenner til av erfaringar frå kundekontakten og telefonsalet mellom avisbransjen og kundane/abonnentane, kan vi ikkje sjå noko særleg behov for å strame inn dagens regelverk om telefonsal. Etter det vi erfarer, fungerer kundekontakten/telefonsalet mellom bedrifter og deira eksisterande kundar stort sett godt. Mellom anna viser Forbrukerombudet sine klagestatistikk at det berre er registrert rundt 1100 årlege klager på telefonsal dei siste fem åra. Med tanke på dei mange millionar telefonsamtalar som blir gjort mellom bedrifter/organisasjonar og forbrukarar/kundar, kan vi ikkje sjå at det er sjølv regelverket som fungerer dårleg. I den grad departementet konkluderer med at det må gjerast noko, bør ein heller prioritere å handheve dagens regelverk på ein strengare måte framføre å gjere sjølv regelverket strengare overfor seriøse aktørar.

Spesielt om lokalavisenes praksis og utfordringar:

Som kjent kan i dag bedrifter og organisasjonar, mellom anna oss i lokalavisene, ta kontakt med forbrukarane når det alt er etablert eit kundeforhold – sjølv om forbrukaren har registrert seg i Reservasjonsregisteret – så sant kunden ikkje har sagt frå til lokalavisa si om at vedkomande ikkje vil bli ringt til.

I tillegg er dagens praksis slik at kravet om *skriftleg* tilbod og aksept mellom anna ikkje gjeld når vi sel avisabonnement.

Verken vi i LLA, våre samarbeidspartnarar, forbrukerorganisasjonane eller styresmaktene ser ut til å ha registrert nokre større utfordringar med avisenes, og våre samarbeidspartnarar, si praktisering av regelverket. LLA er dessutan godt nøgd med at regelverket i dag er utforma slik at lokalavisene og pressa forøvrig framleis kan utøve sitt samfunnsoppdrag. Skal redigerte lokale medier også i tida frametter bidra til å styrke lokaldemokratiet, må avisene både ha betalende abonnentar og ei rimeleg mengde annonsar. Berre gjennom dette økonomiske fundamentet kan vi halde fram med å bringe viktig informasjon til innbyggjarane, formidle dei viktigaste nyhenda i områda der avisene kjem ut, sørgje for levande samfunnsdebatt, spegle kulturlivet, vere lokal marknadsplass og vere vaktbikkje. Denne offentlege samtalen, som då også Stortinget og regjeringa gjennom sin pressepolitikk ønskjer å legges til rettes for, kan avisene berre halde fram med dersom vi har gode og stabile rammevilkår. Ein viktig del av desse rammevilkåra er å framleis kunne ringe opp, og halde kontakten med, lokalavisenes abonnentar i kundedatabasene våre – utan ytterlegare innstramingar i dagens regelverk for telefonsal.

Forslag frå Landslaget for lokalaviser:

- 1: Dagens regelverk for telefonsal blir heilt og fullt ført vidare som i dag.
- 2: Strengare *handheving* av dagens reglar må uansett prioriterast framføre å gjere reglane strengare.
- 3: Dersom departementet likevel måtte velje å gjere regelverket strengare, mellom anna ved å innføre ”uttrykkelig anmodning for å ringe til eksisterende kunder”, ber vi på det sterkaste om at lokalavisene og øvrige redigerte medier får unntak frå ei slik eventuell innstraming i markedsføringslovens §13. På same måte må avisene framleis ha fritak for skriftleg aksept i forbindelse med abonnementsal.

Vi ønskjer Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet lukke til vidare med høyringsarbeidet.

Oslo, 8. oktober 2015.

Vennleg helsing
Landslaget for lokalaviser

Rune Hetland, generalsekretær
Geir K. Hus, markeds- og informasjonssjef
geir@lla.no
Dir. tlf. 452 89 333